Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. 12 | Herad: Sandeid

Emne: Gamal engkultur | Bygdelag: Sandeid

Oppskr. av: Jens Mørretzen | Gard:

(adresse): Sandeid i Ryf. | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter minne og etter

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
samråd med gamle gardbr. Eg er i 80de året.

SVAR

1. Ein nytta otdt eng som i spørjelista så f. d. ukker og eng. Likeins utslåtter. Ekra vart nytta um ein åker som ein let gro att til slåtteland. Attlega vart ikkje brukt her. Det vart sagt nyjo eller gamle ekra. Etter som det var mykje eller lite gras på eit stykke, tala ein um tjukk eng eller gott med høy. Sambreidsla kalla ein det, der dit var so mykje gras at ein slapp raka det saman i „sprekkar", når det skulle turka på bakken.

Ein brukte meininga langhøy og småhøy. Sekahøy eller sekragras, „sekkasleor" vart det mykje av; men det var halde for veikt høy. (Sjå svar til sp. 7)

Utslåtter var her lite av og dei få gardane som hadde dit kalla desse stadane slåttehagar. Det var skjøttarslått. Det var dit mykje av på heimebøen og på mest alle gardar. Liå var namn

1962

på utslått som ein gard med 4 bruk
hadde. Det var berre stukkorvslått.
Slåttelagane har ikkji vore dlugne
dei siaste 50 åra, og dei er nytta
til beite i 20-30 år no. Ein nytt
lite bruk er det også rydja der.
2. Når ein um våren var ferdig
med såwaden vart bøen (enga)
rydja. Alt „rusk og rask" som
hadde samla seg vart rakka og
kasta saman og køyrd vekk.
Der det var skog laut ein fara
over med riva og rakka saman
lauv og kvist i rotadongar
ROTADONGAR. Summe køyrde
rota heim og nytta det til „onde=
bor" ONDEBØR = (strøy under
krøtera) Andre stader brende
ein rotadongane. Um oska
vart spreidd til bevis trur eg
knapt. Det laut ein vel gjera.
På skogsbøen kunne
det vera at ein måtte rakka
saman i små røysar, der det
var mykje „lausstein", dei
helt kring eller oppå ein større
u jordfast stein. x Sjå siste side.
3. Var det gamle ekrer som
var „gjene åve me måse"
x vart dei „snudde" = pløgde
eller spadde um og nytta til
åker nokre år. Nokso annar
rådgjord mot mosen veit
eg ikkji vart nytta. Det hende
ein kasta høyjina frå låa

1962

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

út över ekrer som grodde ingti
(hadde liten gjenvekst)
Kjöpt grasfrö vort ikkje nytta-
ter för kring 1900 og fyrst i dei
siste 20-25 åra er det blitt van-
leg.
4. Der vatne rann so seint at det
vilde gjera skade, hende det av og
til at ein spadde upp ei lita vör-
te for å få det ein annan veg.
Sprettevéiter kalla dei det.
5. Vintergjödsla vort nytta til
åkeren. „Dei var so redde for
hevdå, at datt det ein hevde-
klatt ~~av~~ lasse, tok dei han
opp å ta han på lasse. Alt sko
på åkeren,“ sa ein gamal mann
til meg. Var det noko skrap
att i botnen av „möktingeskur-
ten“, köyrde ein det út på ei
ekra eller eit anna engstykke.
6. Noko svarkiet namn på gjödsla
engstykke kjenner eg ikkje. Det måtte
då vera ordet hevda bö t.d. höi
av hevda bö, eller höy av ei
god ekra. ~~[illegible]~~ Langhöy sa
ein også med tydinga godt höy.
I gamle tider hadde ein
ei svat ein kalla „langhöy-
svålo“. Det höyet skulde ein
ha i vårvinna. „Me hadde
ikje meir langhöy enn det
me fekk på åkerteinadne“,
sa ein gamal mann, då han

1962
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

fortalde frå faren si tid:
7. Der gardane ligg i hallande lende var tunet lagt högast uppe. Dette var vel både fordi ein då kom nærare utmarksbeite og det var lettare å få henda ut over åkrane. Frå uthusa seig det då myktje kvite vatn nedöver. Det jordstykket som vart gjödsla av dette siget kalla ein SEKIO, og höyet av dette sekjahöy. Sôleie hov, som det voks myktje av i dei våtlendte sekene vart kalla sekablom: (Sjå svar til sp. 1) Desse sekene kleiv ein slå tidleg, för det var avblömt. Eg har höyrt ordet tunseg og tunvatn.
„Det var möktje gras der tunvatne - tunsegje - nådde fram“
Åkrane låg der jorda var turr og det var lå helst der det hadde hökko. Men ime dei var lagde der av oinnyn til enga nedanfor trör og kvapt. Det tel skal tune var at åkeren gav godt.
8. Hadde ein noko vinterhevd til enga var det um våren ho vart köyrt ut. På dei gardane det var noko „skikk på det“, hadde ein ei „dynja“ av anner der ein slo „skjettvatn“ og der hadde ein do“ (skjetthuset). Denne dynja vart köyrt ut vår og haust



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og auke på enga.

Noka serskild bu reidskap til enggjødslinga har eg ikkje sett her. Dei fabrikklaga reidskapane – greip – spett – grev – hakka – tok til å løyse av dei heimelaga kring 1890 åra og no rår dei heilt grunnen. Arbeidet med å gjødsla eng gjekk for seg som ved same arbeidet på åker.

9.

At var knapt med tanke på gjødsling av enga at ein let krøtera beite ~~på~~ der. Det var for mest umogeleg å spara på foret til vinteren, at ein beite inn hausten og då våren kom var det ofte lite for att og graset kom seinare på bøen enn i utmarka.

Når kornet var komi i hus, vart „slept ein bø", som ein kalla det. Då gjekk krøtera i grenda inn ein annan. Det var ikkje gjerde millom dei ymse bruka.

Eg høyrde sagt, at enga vart tjukkare enn ho vart noko beita om våren.

Når det var „slept bø" gjekk dyra heilt fritt kvar dei ville.

10. Frå 1880–90 åra har det vore heil omsnuna med beiting på innmarka

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
1962

Etter at mest alle nyttar Kunst-
tög eng" går dit lite ann å la
Kretüra beite der og rotgnagå
ütåver hausten. Elles er dit
so at dei som har mykje sau
og ikkje tidlege Kultürbeite
lat sauen, beite på enga um
våren og gjerne lenge ut,
Kan før åkeren ei skuer. Når
dem kem må" ein „avböa"
smalen; men det minkar
frå år til år. Enten slaktar
ein mest sau, eller ein ser
til å få kultürbeite å ha han
på um våren
11 Dem gjödsla dyra la etter
seg under beiting veit eg ikkje
av vart gjort noko med.
Så mykje nedbeersla som her er
vert denne gjödsla ütringt. (ütmed?)
på slutt hir.
12. Frå mest alle dei hun der dit var
heim til dit gjekk dit ein annas
inngjerd veg- ei gil- til butka-
gen. Her vart då kretüra jaga
til å frå husa. Men når dit
vart nokk mat i bieshagen
„vart buskapen „lagt üte."
For at buskapen skulde ha ein
stad å ty inn i üver, sette
ein opp eit sinpelt hus av
stein eller bord i ütmarka
helst i norleiken av der „gila"
slutta, Desse husa kalla ein


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kyrne, når dei går på beite.
Samaleis: „Eg skal gå på stödle"
„Kyrne vil kje ståla seg."
Det andre som er spurt, som er heilt ukjendt her.

Namnet Fra – TRÖ – er godt kjent her. Til mange av gardane höyrer stykke helst i utkanten av gardane som ein kallar t. d. Gatbötra elle gardens Patlö, Strandtre, Röstre o. s. f., men desse lokalitetane hav vore nytta som husmanns-plasser för i tida.

21.

Sjå svar til sp. 8.

På dei gardane der dei dreiv fiske kunne det av og til vera så mykje fiskeavfall og skinn dom sier ein ikkje fekk nytta at det vart hivt ut över enga, men skapte seg dette til „hest" var ikkje brukt.

Der det vaks mykje tare og tang i land vart dette skögrv åt mosvingeskrek og strande inn i vinkergjödsl. Oska vart kakt på Dyngjö.

Sjå svar til sp. 8

Al. sp. 2. På gar skrapabö laut ein bruka krak som vaks upp burcke.
Det vart ansten hogge og kogd heim til eller ~~stod~~ opplagt, dit so kunde ein barda noko med ein slo eller straks etter-på.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

gilahūs. Andre stader seggjo dei fehūs.

I eldre tid – fram til 1860åra – då det var so mykje ravdyr – rev og skadedyr ulv – i bygdane laut ein ha gjetar for buna krøtura – sau og geit – og dei vart jaga heim kvar kveld og stengde inne, anten heime eller i gilahūs. Um natta vart lamma og kje skilde frå møtrene, og um morgonen var sau og geit mjolka.

Han som skriv dette fekk sauemjølk til drikke på ein gard i Etne i Sunnhordland so seint som i slutten av 1870åra.

Gjødsla frå desse gilahusa vart køyrd heim um hausten eller førvinteren og blanda inn i vintergjødsla.

Eg har aldri sett at utslåtter eller beitvegar vart gjødsla med "nattegjødsel".

13. nokon innhegning for buskapen har ikkje vore brukt her det eg har sett eller høyrt gjete.

14 – 20.

Eg kjenner ordet Kvio som namn på ein husnamnsplas i ei grannebygd.

Orget Støl brūkast om dei stader ein plar mjølka

1962
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Rog.
Sandeid

I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på sama ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Varet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Eg har höyrt sagt t.d.: Tjå'a' du heim vatn, men det er visst i overført tydning. Eg har aldri sett eller höyrt gikt si slik drog.

Ad nr. 12. Nei.

Sandeid i Rogaland 9/10 48

Jens Bønsetre